
Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Administrativ fråsegn til Fitjar kommune sin samfunnsdel for kommuneplan 2020-2040

Kommuneplanens samfunnsdel for Fitjar kommune er vedlagt som *referatsak*. Kommunen kunne ikkje gje oss utsett frist, då dei ikkje ville sette vedtak på vent i høve til eigen handsamingsprosess.

Fylkesrådmann vurderer at kommunen har lagt fram eit plandokument som er strukturert og dekkande. Det kjem tydeleg fram at det er gjort eit omfattande arbeid, og at dette er eit prioritert arbeid i organisasjonen. Planen syner engasjement, frå forord til oppsummering, og skildrar mellom anna grundige medverknadsprosessar og nyttar solide kunnskapsgrunnlag knytt til dei ulike tema.

Vedlegg

- 1 Administrativt fråsegn til høyring av forslag til kommuneplan for Fitjar kommune - samfunnsdelen 2020 - 2040